

Program for Øygarden Venstre 2019 – 2023.

Øygarden Venstre sitt mål i lokalpolitikken

- Den største ressursen i Øygarden er menneska. Difor må politikken leggja til rette for at menneska trivs og får høve til å skapa og utfalda seg.
- Politikk må handla om individ, ikkje grupper. Individua i gruppene er ulike, og med ulike behov. Vårt mål er å sjå menneska.
- Alt som kan resirkulerast, bør resirkulerast
- Alt som kan desentraliserast, bør desentraliserast
- Alle som ønskjer ein plass i arbeidslivet, bør få arbeid, heilt eller delvis
- Alle skal få medeigarskap til politiske utfordringar og løysningar
- Aktive innbyggjarar som i dialog med folkevalde formar gode tenester og gode lokalmiljø
- Aktivt næringsliv som skapar fleire arbeidsplassar og bidrar til det grøne skiftet
- Offentleg tilsette med god fagleg kompetanse og høgt servicenivå

MILJØ

Mykje må endrast om me skal skapa eit berekraftig samfunn. Ein del kan gjerast lokalt. Kommunen og innbyggjarane må samarbeida. Gode idear og tiltak er viktige. Kommunen kan arbeida for ei arealplanlegging som inneber at folk finn det dei treng i kvardagen nærast mogleg der dei bur. Eit enklare liv er ofte miljøvenleg. Kommunen kan jobba med tiltak i eiga verksemd og gå føre som eit godt døme ved å bygga miljøvenlege offentlege bygg.

Venstre vil:

- Arbeida fram ein plan for resirkulering. Resirkulering og gjenbruk reduserer forbruk av ressursar og energi.
- At kommunen skal leggje til rette for at det vert etablert lager og utsal av møblar, klede, sportsutstyr, leikar og liknande. Reparasjonar av innsamla gjenstandar kan gje arbeid til fleire, og gje grunnlag for nye verksemder.
- At bruk av eingongsplast bør dei fasast ut dei komande fire åra.
- At innsamling av plastavfall i strandsona bør gjennomførast gjennom frivillig innsats og med kommunal stønad.
- Arbeide for at kommunen etterspør miljøvenlege alternativ der me i dag brukar plast.
- Gjera det lettare for folk å etablere seg i eksisterande bygder og vidareutvikla ressursane som alt er skapt. Desse lokalsamfunna er ein stor ressurs. Her er hus, naust, hamnar, dyrka jord, veg, vatn, kloakk.
- Arbeide for ei løysing med hyppige bussavgangar langs hovudvegane, kombinert med fleire parkeringsplassar langs desse. Det vil vera eit grønt alternativ for reduserte bilkøar og parkeringsbehov i sentrale områder.
- At vi får bygd fleire ladestasjonar og får fleire kommunale el-bilar
- Ha ein plan for vern og vedlikehald av lyngviddene våre. Dei er viktige for insekt- og fugleliv.

DESENTRALISERING

Kommunar og lokalsamfunn må få meir medeigarskap og sjølvråderett på sentrale politikk-område som skule, helse, velferd, næring og kultur. Eigarskap og nærleik til problem og løysningar gjev betre vedtak. Dei som er nær, veit best kvar skoen trykkjer og vil merka dei største konsekvensane av vedtaka som vert gjort. Ei sterk og omfattande styring ovanfrå fører til mindre lokalt engasjement, mindre ansvar for nærmiljøet og mindre kontakt mellom menneske. Både lokalt engasjement, lokal identitet og den sosiale fellesskapen forvitrar!

Venstre vil:

- arbeida for at kommunen får større kontroll med inntektssida i budsjettet, m.a.
- få attende bedriftsskatten. Gode vilkår for næringslivet må også vera eit lokalt ansvar. Fleire og gode bedrifter gjev kommunen meir inntekter.
- Arbeida for at Øygarden vert prøvekommune på ei rekkje område der staten vil testa ut ulike ordningar. Kommunen vår vert ein av dei mest folkerike. Me har kapasitet til å stå på egne føter på dei fleste område.
- At kommunen og desentraliserar. Lokalsamfunna skal takast med på råd i saker som vedkjem dei. Dette kan vera t.d. reguleringsplanar, namn på bygda, vegar og skilt.
- Jobbe fram tiltak som styrkjer identiteten og den sosiale fellesskapen i lokalsamfunna
- våre, og vil setja av midlar til dette. Me ser gjerne at kvart lokalsamfunn gjer det på sin måte; det gjev mangfald.

MEDEIGARSKAP

Demokrati er basert på deltakarar med god kunnskap om utfordringar og alternative løysningar. Innbyggjarane veit oftast best kor skoen trykkjer. Dei folkevalde veit oftast best kor mykje pengar kommunen har og kva lovar og reglar som gjeld. Gjennom dialogmøte vil innsikt og kunnskap auka hjå begge partar. Målet må vera auka interesse for utviklinga av kommunen, og å oppnå dei beste løysningane.

Venstre vil:

- innføra regelmessige dialogmøte som gjev medeigarskap til politiske utfordringar og løysningar
- at det vert etablert dialogmøte der brukarar og pårørande får koma med råd om betre tenester innan alle kommunale tenester
- at det vert etablert eit nettbasert dialogforum der innbyggjarar kan koma med idear og innspel, og der kommunen kan presentera utfordringar som treng løysningar.
- At røysterettsalderen vert 16 år

GRØN VEKST

Øygarden er ein av dei best eigna områda for havbaserte næringar. Kommunen har lang kyst med lune vikar og sund. På utsida ligg havet. På innsida ligg Bergen med den største konsentrasjonen av havforskarar, og hovudkontor for dei dominerande aktørane innan fiskeoppdrett. Oppdrett av fleire fiskeslag vil koma, dyrking av algar har så vidt starta. Norsk petroleumsverksemd er verdslieiane når det gjeld låge produksjonsutslepp. Norsk gass er

viktig for Europa. Til dømes bidreg gass frå Kollsnes til vesentleg reduksjon av klimagassutslepp på kontinentet. Noreg har særskilde føresetnader både teknologisk og geologisk for lagring av karbon. Karbonfangst og lagring er avgjerande om verda skal nå klimamåla.

Venstre vil:

- At kommunen tar initiativ til fleire forsøksanlegg for matauke frå havet
- At oppdrettsaktørane i kommunen og forskingsmiljøa i Bergen vert invitert til dialog der målet er å styrkja utviklinga av matproduksjon frå havet
- At kommunen må ha auka fokus på vilkåra bedriftene våre har. Aktive og nyskapande verksemdar er ein føresetnad for fleire arbeidsplassar. Dei vil også kunna bidra til det grønne skiftet
- At kommunen må arbeida for å få på plass det planlagde karbonlagringsanlegget i Naturgassparken. karbon kan; i tillegg til å lagrast under havbotnen, vera råstoff for produksjon av fleire «grønne» produkt. Storskala produksjon av klimanøytral hydrogen frå naturgass ved at karbonet vert permanent lagra under havbotnen.
- Arbeide for at norsk petroleumsverksemd skal halde fram med å vere verdsløiande når det gjeld reduksjon av klimagassutslepp.
- Transport av folk og gods bør i aukande grad skje på sjø når dette er best for miljøet

OFFENTLEG ELLER PRIVAT

Den politiske debatten om kva som er best; offentleg eller privat eigarskap, tar merksemda vekk frå målet; kva løysning er best for borna i barnehagen og for dei pleietrengjande på sjukeheimen. For Venstre vil spørsmålet om kva som er best for brukarane vera viktigare enn ideologisk tunnelseyn.

- Arbeidsplassane i næringslivet er oftast skapt av menneske med idear, vilje til gjennomføring og vilje til å risikera egne verdiar. Skal me skapa nye arbeidsplassar, er dette måten å gjera det på. Dei må lyttast til og støttast.
- Offentleg sektor utgjer halvparten av arbeidsplassane i landet. Utan inntektene frå privat sektor ville dette vera uråd.
- Inntektene frå oljesektoren har gjort det mogeleg å skapa den velferdsstaten me har i dag. Om få år vil desse inntektene minka, og me har valet mellom å kutta utgifter eller å finna nye inntektskjelder.
- Me bør stimulera næringslivet og samtidig redusera utgiftene. Dess tidlegare me startar, dess mindre vert vanskane for neste generasjon.

ARBEID TIL ALLE

Dei fleste ønskjer ein arbeidsplass å gå til, tena egne pengar og vera ein del av fellesskapet. Mange funksjonshemma, innvandrarar og ungdom utan fullført utdanning ønskjer arbeid, men dagens krav og reglar gjer dette vanskeleg. Mange oppgåver i arbeidslivet og samfunnet elles, kan utførast av folk «med hol i CV-en» og mindre arbeidskapasitet.

Venstre vil:

- ta initiativ til eit samarbeid mellom NAV, arbeidsgjevarar og kommunen der målet er å finna plass til også dei med lågare arbeidskapasitet.

- at kommunen søker om å verta forsøkskommune der dei som ønskjer det, får tilbod om arbeid, og der lønskostnadane vert delt mellom NAV og arbeidsgjevar basert på arbeidsyting. Innan området «gjenbruk og reparasjonar» vil det vera oppgåver som vil eigna seg særleg godt.

KULTUR OG FRIVILLIG SEKTOR

Miljø og kultur er grunnleggjande område for mennesket sin vekst og trivsel. Vi vil difor styrkja det frivillige og mangfaldige kulturlivet i kommunen vår. Det er viktig med gode og varierte tilbod til alle våre innbyggjarar, store som små, i alle delar av den nye kommunen. Kulturliv og frivilligheit har ei samfunnsbyggjande kraft, som skapar engasjement og byggjer band og gjer oss rausare. Uavhengig av bakgrunn, økonomi og livssituasjon – kultur sørger for at alle kan få gode opplevingar. Det inkluderer og bidreg til demokrati.

Sjø- og båtliv er viktig del av historia til vår nye kommune. Både som næring, men ikkje minst som ein viktig del av kulturen.

Frivillig sektor er engasjerte folk som brenn for saker. Lag og organisasjonar byggjer fellesskap og bidrar til mangfaldig kultur og identitet. Ofte oppstår slike engasjement der det offentlege ikkje er aktiv -, eller bør vera det.

Venstre ynskjer:

- fleire stadar der ein kan leige eller låne, både utstyr og lokale, anten det er eit møterom eller ein gymsal, som er lett tilgjengeleg og godt kjent.
- Utlån til organisasjonar og foreiningar bør i størst mogeleg grad vera kostnadsfritt.
- kommunale planar som sikrar tilgang til sjø og gjestehamner.
- at kommunen i større grad legg til rette for at attraktive område i strandsona blir friluftsområde.
- at kulturlandskap og kulturminne vert teke vare på. Kulturlandskapet vert best forvalta av eit berekraftig landbruk.
- at kommunen skal leggja til rette for fleire og større parkeringsplassar for dei som vil bruka naturen.
- rikeleg tilgang på turløyper med universell utforming
- at musea våre får gode føresetnader for sitt arbeid, som viktige arenaer for kunnskapsformidling og til glede for både innbyggjarar og tilreisande.
- at kommunen (bør) vidareutviklar dialogmøte med etablerte lag og organisasjonar der ein kan få innsikt og formidla forventningar
- å ha særleg merksemd på område og miljø som lett fell utanfor. Dette gjeld ikkje minst ungdom som ikkje finn seg til rette med eksisterande tilbod
- at kommunen skal bidra med mål og midlar, engasjerte folk skal bestemma kva og korleis

OPPVEKST

Born og unge er det viktigaste vi har, sjølv framtida vår, som skal bera velferdsstaten vidare. Vi ønskjer at borna i kommunen skal få den beste starten på livet. Dei skal kjenna seg trygge, noko som inneber at vi må arbeida for sikker veg til barnehage, skule og fritidsaktivitetar. Vidare er god kvalitet i barnehagar og skular særst viktig for ein god oppvekst. Både fysisk miljø, læremidlar og lærekrefter skal halde eit så høgt nivå som mogleg. Øygarden Venstre er

oppteken av at lærarar, foreldre og elevar er dei som kjenner utfordringane på kroppen. Dei må lyttast til! Det er særleg viktig at vi har tillit til lærarane si innsikt og kompetanse, og gjev dei rom til å bruka fagkunnskapen sjølvstendig og godt.

Venstre vil:

- Arbeida for sikker skuleskyss, satsing på gode gang- og sykkelveggar, trygge busstopp og gode tilhøve rundt skular og barnehage når det gjeld trafikk.
- Arbeide for ei styrkt skulehelseteneste
- At ungdomskontora må oppretthaldast og styrkjast
- Ha ein skulestruktur som sikrar gode skular i heile den nye kommunen, og vil jobbe for at dagens skulestruktur vert oppretthalden
- At barnehage og skule skal ha eit meningsfullt og positivt innhald som gjev trivsel og danning. Dette er grunnlaget for at born kan utvikla seg til trygge og ansvarlege menneske med gode liv for seg og sine.
- Samarbeida med fylkestingspolitikarane våre for å sikre framdrift på ny vidaregåande skule. Her bør eit tett samarbeid mellom skule og næringsliv vera ei prioritering. Fagopplæring må også vera relevant for arbeidslivet i regionen, og bør utformast i samarbeid med dette.
- Vidareføre rettleiarteamet mot barnehage og skule.

KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Kommunen er den største arbeidsgjevaren. Det er eit politisk ansvar å leggja til rette for gode og framtidsetta rammer for dei tilsette.

Venstre vil:

- at tilsette får oppdatert kunnskapen sin gjennom kurs og etterutdanning. Fagleg kunnskap, lovar og reglar endrar seg. Godt kompetente tilsette kjem både kommunen og innbyggjarane til gode.
- At gode arbeidsmiljø og utfordrande arbeidsoppgåver skal tiltrekkje seg godt kvalifiserte tilsette.
- At kommunen etablerer ei ordning med heimekontor, der arbeidstakar kan arbeida heime deler av arbeidsveka. Mange arbeidsoppgåver kan utførast uavhengig av fast kontorplass. Arbeidstakar får større kontroll over dagen, noko som kan vera attraktivt for t.d. småbarnsforeldre. I tillegg slepp dei transport og køar.